



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ola Betten, 71 25 84 76

Frivillig vern av skog - Aure kommune - oppstartsmelding av frivillig skogvern Skarvberglia

Statsforvaltaren melder med dette oppstart av arbeid med frivillig vern av skog i Aure kommune. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet, og er ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern. Meldinga er i samsvar med naturmangfaldlova § 42.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigarar på gnr/bnr 21/14 i Aure kommune. Området har eit samla areal på ca. 290 daa og vil gje ei utviding av foreslåtte Ringstadfjellet naturreservat.

Gjennom denne meldinga er det ønskeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, samt kulturverdiar og anna som kan vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er kartlagt gjennom metodikken i DN-handbok 13. Her er registrert edellauvskog av høg kvalitet med alm og hassel. Området er lite påverka og fangar opp viktige manglar i skogvernet i fylket.

Hovudformålet med vern er å sikre biologisk verdfulle skogsområde som ein del av naturarven. Vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Dei naturfaglege data viser at områda har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder Statsforvaltaren oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser det tilbydde utvidingsområdet og delar av det foreslåtte Ringstadfjellet naturreservat (./).



Oppstartsmeldinga er lagt ut på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det. Melding om oppstart vert også kunngjort i Tidens Krav.

Etter denne innspelsfasen vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Det vil vere naturleg å slå Skarvberglia saman med resten av Ringstadfjellet i den vidare verneplanprosessen. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post sfmrpost@statsforvalteren.no.

Fristen for å kome med merknader/innspel til oppstartsmeldinga er 10.08.2024.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Ola Betten
prosjektleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Ringstadfjellet - utviding kart

ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg	7047	TRONDHEIM
	13A		
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		



FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO



STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS



NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalén	0423	OSLO
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
MELLOM AS	Postboks 2260 Løkkemyra	6503	KRISTIANSUND N
AURE KOMMUNE	Postboks 33	6689	AURE
Ingrid Volden Weie	Aursundvegen 1910	6690	Aure
Ivar Aasgaard Røsand	Aursundvegen 1910	6690	Aure
BIRDLIFE NORGE	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM